

## **Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 06.12.2016**

**Beate Husa (Krf)** sette fram slikt forslag til vedtak:

«Nytt pkt. 4.

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å legge fram sak knytt til investeringstilskot for publikumsbygg for Bergen bymuseum. Punkt 4 i opprinnelig framlegg blir nytt pkt.5.»

**Sigbjørn Framnes (Frp)** sette fram slikt forslag til nytt pkt.:

«Fylkestinget ber administrasjonen utarbeide ei sak med sikte på å redusere talet på planar for kulturområdet.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 til 3 vart samråystes vedtekne.

Husa sitt forslag vart samråystes vedteke.

Framnes sitt forslag fekk 5 røyster (Frp og H) mot 7 røyster og fall.

### **Innstilling**

1. Fylkestinget ser at dei avgrensa økonomiske rammene føreset stram og målretta satsing for å få nokre viktige løft innan kultur- og idrettsfeltet i Hordaland.
2. Fylkestinget vedtek prioriteringane som er gjort i handlingsprogrammet for 2017 med innsatsområda Inkludering, Kulturregion Vestlandet og løft for dei profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonane som hovudsatsingar på tvers av fagfelta.
3. Fylkestinget støttar at Kultur- og idrettsavdelinga set av ressursar til ei arbeidsgruppe, som aktivt følgjer opp arbeidet med kulturplanen gjennom eksterne og interne tiltak.
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å legge fram sak knytt til investeringstilskot for publikumsbygg for Bergen bymuseum.
5. Fylkestinget tek statusrapport for 2015-2016 til etterretning.